

Fortid og  
notid for  
framtid

# Selskapsavtale

Gjeldande fra 01.01.2024



**ika Møre og Romsdal**  
Arkiv og kulturformidling

## Innhald

§ 1 Namn .....	3
§ 2 Formål.....	3
§ 3 Innskotsplikt og eigarandel .....	3
§ 4 Organ i selskapet.....	4
§ 5 Representantskapet.....	4
§ 6 Valkomité .....	4
§ 7 Styret .....	4
§ 8 Dagleg leiar .....	5
§ 9 Rekneskap.....	5
§ 10 Låneopptak og garantitilsegn .....	5
§ 11 Endring av selskapsavtalen .....	5
§ 12 Fråtreding .....	5
§ 13 Tvistar .....	5
§ 14 Anna.....	5
§ 15 Verknadstidspunkt.....	5

## § 1 Namn

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKAMR) er ei interkommunal verksemd som er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap. Kommunar, fylkeskommunar og interkommunale selskap kan vere eigarar i selskapet.

Namnet til selskapet er "Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS" og har hovudkontor i Ålesund kommune.

Selskapet har følgande eigarar:

<b>Namn</b>	<b>Org. nr.</b>	<b>Namn</b>	<b>Org. nr</b>
Molde kommune	921 22 1967	Ålesund kommune	929 911 709
Møre og Romsdal fylkeskommune	944 183 779	Kristiansund kommune	945 281 871
Volda kommune	939 760 946	Vestnes kommune	939 901 965
Vanylven kommune	964 281 871	Rauma kommune	864 980 902
Sande kommune	822 534 422	Averøy kommune	962 378 064
Herøy kommune	964 978 840	Hustadvika kommune	921 133 642
Hareid kommune	964 979 278	Gjemnes kommune	964 981 426
Ulstein kommune	964 979 456	Tingvoll kommune	964 981 515
Ørsta kommune	939 461 450	Sunndal kommune	964 981 604
Stranda kommune	964 980 098	Surnadal kommune	964 981 892
Fjord kommune	921 891 687	Rindal kommune	940 138 051
Sykkylven kommune	964 980 365	Aure kommune	988 913 898
Sula kommune	964 980 543	Smøla kommune	945 012 986
Giske kommune	964 980 721	Aukra kommune	964 981 337
Haram kommune	829 912 252		

## § 2 Formål

Selskapet skal vere ein regional arkivinstitusjon knytt til heilskapleg samfunnsdokumentasjon.

Selskapet skal vere arkivfagleg kompetanseinstitusjon for eigarane. Selskapet skal forvalte, formidle og styrke arkiva til eigarane, og med dette bidra til måloppnåing av føresegner og intensjonar i arkivlova. Selskapet kan etter delegert myndigkeit utføre forvalningsoppgåver for eigarane.

Selskapet kan selje tenester, kompetanse og arkivtenester til deltararane og andre innanfor reglane for utvida eigenregi.

## § 3 Innskotsplikt og eigarandel

Eigarane betaler årleg tilskot til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Eigartilskotet er berekna ut frå ein fordelingsnøkkel basert på innbyggartal. Fordelingsnøkkel blir fastsett av representantskapet. For eigarar som ikkje kan legge folketal til grunn, skal tilskotet fastsettast av representantskapet.

Eigarandlar er berekna ut frå folketalet i kvar kommune per 01.01. føregåande år og skal vedleggast avtalen (kjelde er SSBs statistikk om befolkning per 01.01. kvart år). Vedlegg 1 til avtalen skal oppdaterast årleg i samsvar med SSBs befolkningsstatistikk.

## § 4 Organ i selskapet

Selskapet skal ha følgande tre organ:

- Representantskapet
- Styret
- Dagleg leiar

## § 5 Representantskapet

Det øvste organet for verksemda er representantskapet. Eigarane utøver si myndigkeit i selskapet gjennom representantskapet. Eigarane oppnemner sine respektive representantar. Kvar eigar skal ha 1 – ein - representant.

Ved votering i representantskapet skal representantane si stemme telle ulikt og i høve til eigarane sin eigarandel, jf. § 3 Innskotsplikt og eigarandel.

Ved stemmelikskap er stemma til møteleiaren avgjerande.

Medlemmene i representantskapet blir valde for fire år og den enkelte eigar kan gjere nyval av sine representantskapsmedlemmer i valperioden. Kvar medlem skal ha minst to personlege varamedlemmer.

Representantskapet vel sin eigen leiar og nestleiar.

## § 6 Valkomité

Selskapet skal ha ein valkomité som kvart år fremmer forslag til kandidatar til styret, valkomité og styregodtgjering. Valkomitéen innstiller kandidatar til leiar og nestleiar til nytt representantskap kvart fjerde år. Valkomitéen skal ha tre medlemmer. Medlemmene og leiar blir valde av representantskapet.

Valkomitéen blir vald for to år. Representantskapet utarbeider instruks for valkomiteen.

## § 7 Styret

Styret i selskapet skal ha 6 medlemmer, av desse blir 5 oppnemnde av representantskapet. Representantskapet vel 3 numeriske varamedlemmer. Representantskapet vel leiar og nestleiar blant medlemmer i styret for 2 år om gongen. Dei tilsette vel eitt medlem med vara. I tillegg vel dei tilsette éin observatør med varamedlem til styret.

Styremedlemmer og varamedlemmer blir valde for to år om gongen.

Styret skal utarbeide instruks for styret.

## **§ 8 Dagleg leiar**

Styret tilset dagleg leiar, og fastset tilsettingsvilkår. Styret skal utarbeide instruks for dagleg leiar.

Selskapet skal teiknast av styreleiar og dagleg leiar i fellesskap.

Dagleg leiar har prokura aleine innanfor vedtatt budsjett.

## **§ 9 Rekneskap**

Rekneskap skal førast etter kommunale rekneskapsprinsipp, jf. IKS-loven § 27.

## **§ 10 Låneopptak og garantitilsegn**

Selskapet kan ta opp lån innanfor ei samla låneramme på 10 millionar norske kroner.

Eksisterande lån kan refinansierast jf. IKS-loven § 22.

## **§ 11 Endring av selskapsavtalen**

Endringar i selskapsavtalen må følge lov om interkommunale selskap.

Framlegg til endringar av selskapsavtalen kan fremmast av styret, representantskapet eller ein/fleire av eigarane.

Styret skal ha høve til å uttale seg om framlegg til endring av selskapsavtalen før desse blir fremma for behandling i representantskapet og hos eigarane.

## **§ 12 Fråtreding**

Den enkelte eigar kan med eitt års skriftleg varsel einsidig seie opp eigarskapet etter reglane i lov om interkommunale selskap. Oppseiingstida begynner å løpe 31.12. det året oppseiinga blei levert.

Forpliktingar i form av garanti for lån og anna, skal innfriast innan 1.1. i etterkant av uttreden.

## **§ 13 Tvistar**

Tvist om tolking av selskapsavtalen, fordeling av utgifter, det økonomiske oppgjeret etter fråtreding eller oppløysing, skal ein freiste å løyse i minneleghet, eventuelt reise for dei ordinære domstolane.

## **§ 14 Anna**

For område som ikkje er direkte regulert gjennom selskapsavtalen, gjeld den til ei kvar tid gjeldande lova om interkommunale selskap (IKS-loven).

## **§ 15 Verknadstidspunkt**

Denne selskapsavtalen trer i kraft den 01.01.2024.

Eigarane sine vedtak i øvste politiske organ om eigarskap i selskapet, blir vedlagde denne avtalen.